Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lynging og moseing

Oppskr. av: Johannes Hagen

(adresse): Leksvik

Fylke: Nord-Trøndelag

Herad: Leksvik

Bygdelag: Blankbygda

Gard: Hagen

G.nr. 34 Br.nr. 2+3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I

a. Nei det vert ikkje sanka lyng her i bygda, og har visst sjeldan vori gjort i gamal tid og. Lyng vart haldi for eit ringt fôr.

B. Det kan hende i seine vårar at bufeet vert sleppt på lyngbeite så dei kan taka lite attåt fôr, for dei som bygg såleis til at dei har lyngbeite attmed seg.

Elles er det lite med røslyng i bygda, det er blåbærlyng som er meste lyngbeite, men fyrst når det tek til å lauve om våren.

2 alle slag bufe.

3 i seine vårar.

4 ringt beite.

II Mose er ikkje sanka i manneminne her i bygda, og visst aldri vori brukt til fôr.

Kjenner ikkje til at mose eller granlav har eller er vorti nytta til grisemat.

HH

181

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING